



Røsland (til venstre) og prosjektleiar Kevin Arnesen (frå Oslo) i Vertshuset, som no blir total-renoverert. (Foto: Ola Matti Mathisen).

Den nye eigar av Vertshuset, uskedelingen Røsland, held fast ved si målsetting om nyopning av huset 1. mai. For knappe to veker sidan starta han ein totalrenovering av huset innvendig. Mykje er allereie gjort av teamet hans frå Berge,n som han også har nytta i samband med andre renoveringsprosjekt.

Casa Kjøkken og Design i Bergen har teikna "det nye vertshuset" og gjestene kjem til å få fleire positive overraskingar. Interiørarkitekten har sett saman eit spektet av material og fargar for at lokalet skal få ein så harmonisk og innbydande utsjånad som mogeleg.

Eit hovudgrep er at baren er flytta til midten av lokalet. Det blir ny resepsjon og eit lagerrom på "båthamnsida" blir rusta opp til konferanserom. Eit pc-rom spesielt berekna på dei mange som kjem sjøvegen til Uskedalen blir det også og sentralt i restauranten kjem ein stor gasspeis med open flamme. Men det stoppar ikkje der.....

Tidlegare var akustikken eit problem for mange i Vertshuset, men Røsland lovar at det no skal bli montert ein himling som verkar lyd-dempane. Kjøkken og toalettrom får ei ny planløyising.

Enno har ikkje den nye eigaren lukkast med å skaffa ein drivar, men han har interessante kontaktar.

Kor mykje renoveringa av Vertshuset kjem på, vil Røsland førebels ikkje opplysa. Han kjøpte det for to millionar av Oddvar Myklebust.

Av Ola Matti Mathisen